

PlanID  
**0831221**

# MOGHUSFELTET

*DETALJ-  
REGULERINGSPLAN*



Plankontoret Hallvard Homme A/S  
4747 Valle  
Tlf: 379 37 000  
[post@plankontoret.no](mailto:post@plankontoret.no)

## Innheld

<b>1</b>	<b><u>BAKGRUNN</u></b>	<b>3</b>
1.1	LOKALISERING	3
<b>2</b>	<b><u>PLANOMRÅDET I DAG</u></b>	<b>4</b>
2.1	OVERORDNA PLANVERK	4
2.1.1	KOMMUNEDELPLAN FYRESDAL 2006/2020	4
2.2	LANDSKAPSBILETE	4
2.3	LAUSMASSEGEOLOGI	5
<b>3</b>	<b><u>KONSEPT</u></b>	<b>6</b>
<b>4</b>	<b><u>PROSESS</u></b>	<b>7</b>
4.1	INNSPEL TIL PLANARBEID	7
4.1.1	FYLKESMANNEN I TELEMARK	7
4.1.2	TELEMARK FYLKESKommUNE	8
4.1.3	STATENS VEGVESEN	8
4.1.4	NVE	8
4.1.5	OLAV BJØRNERUD	8
4.1.6	TORFINN WÆTHING	9
4.1.7	SIGNE BERIT MOGHUS	9
4.1.8	MAGNE AAMLID	9
<b>5</b>	<b><u>VURDERINGAR</u></b>	<b>10</b>
5.1	KONSEKVENSAR FOR BARN, UNGE OG RØRSLEHEMMA	10
5.2	NATURMANGFALD	10
5.3	RISIKO- OG SÅRBARHET (EKSISTERANDE SITUASJON)	11
5.3.1	SJEKKLISTE	11
5.3.2	BAKGRUNN	14
5.3.3	METODE	14
5.3.4	SANNSYN OG KONSEKVENS	14
5.3.5	RISIKOMATRISE	15
5.3.6	UØNSKA HENDINGAR, KONSEKVENSAR OG TILTAK	15
5.3.7	OPPSUMMERING	17
<b>6</b>	<b><u>PLANOMTALE</u></b>	<b>18</b>
6.1	BYGNINGAR OG ANLEGG	18

<b>6.2</b>	<b>SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR</b>	<b>18</b>
<b>6.3</b>	<b>GRØNTSTRUKTUR</b>	<b>18</b>
<b>6.4</b>	<b>OMSYNNSONER</b>	<b>18</b>
<b>7</b>	<b>FØRESEGNER</b>	<b>19</b>
<b>7.1</b>	<b>GENERELLE FØRESEGNER</b>	<b>19</b>
<b>7.2</b>	<b>REKKJEFØLGJEFØRESEGNER</b>	<b>19</b>
<b>7.3</b>	<b>BYGNINGAR OG ANLEGG</b>	<b>19</b>
7.3.1	BUSTADER – FRITTLIGGJANDE SMÅHUS - Bfs	19
7.3.2	VASSFORSYNINGSSANLEGG – BVA	20
<b>7.4</b>	<b>SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR</b>	<b>20</b>
7.4.1	KØYREVEG – SKV	20
7.4.2	ANNAN VEGGRUNN – GRØNTAREAL – SAV	20
<b>7.5</b>	<b>GRØNTSTRUKTUR</b>	<b>20</b>
7.5.1	TURVEG – GT	20
7.5.2	FRIOMRÅDE – GF	20
7.5.3	VEGETASJONSSKJERM - Gv	20
<b>7.6</b>	<b>OMSYNNSONER</b>	<b>20</b>
7.6.1	FARESONE – HØGPENNINGSANLEGG (INKL. HØGPENTKABLER) – H370_	20
7.6.2	SIKRINGSSONE – FRISIKT – H140_	21
7.6.3	INFRASTRUKTURSZONE – REKKJEFØLGJEKRAV INFRASTRUKTUR – H430_	21
<b>7.7</b>	<b>FØRESEGNSSOMRÅDE</b>	<b>21</b>
7.7.1	FØRESEGNSSOMRÅDE	21



## 1 Bakgrunn

Fyresdal kommune ynskjer å regulere eit område for bustadføremål i Sørbygda, Moghusfeltet. Det er nå få bustadtomter igjen i Fyresdal, og kommunen ynskjer difor å regulere fleire nye tomter slik at innflyttarar og andre skal kunne byggje her. Området er eigentleg sett av til LNF-område i KDP for Fyresdal, men kommunen vurderer området til å passe bra for nye bustadomter, då det er sentralt i forhold til skule, butikkar og leikeplassar. I tillegg er ligg planområdet rett inntil område med eksisterande bustader. Fyresdal kommune har i 2014 knytt desse områda til det kommunale VA-nettet, som kan utvidast til å omfatte nye bustader.

Plankontoret Hallvard Homme AS vart kontakta for å gjennomføre ein planprosess i samsvar med PBL.

### 1.1 Lokalisering

Planområdet omfattar heile gnr/bnr 34/43 og delar av 34/2. Planområdet grensar mot eksisterande bustadområde i sør og vest, til landbrukseigedom i nord og til skogsareal i nord og vest.



Over: Planområdets avgrensing mot tilstøytande eigedommar, frå varsel om oppstart av planarbeid.

Plangrensa blei seinare utvida til å omfatte Bakkavegen i aust..

T.h.: Lokalisering av planområdet i Fyresdal.


## 2 Planområdet i dag

### 2.1 Overordna planverk

#### 2.1.1 Kommunedelplan Fyresdal 2006/2020

Kommunedelplan for Fyresdal vart vedteken 05.04.06. den vestre delen av området er sett av til framtidig bustadområde B4 og resten er sett av til LNF-område. Planarbeidet er soleis delvis i strid med overordna plan.

Fyresdal kommune vurderer utvidinga av teig B4 til å ha karakter av ei mindre endring. Både B4 og området aust forbi er skogsmark, som nyleg er hogd ut. Eksponeringa i landskapet skil seg ikkje vesentleg frå B4. Ein veljar difor å inkludere LNF-områda heilt opp til Bakkavegen.



Over: Utdrag av kommuneplanens arealdel.

### 2.2 Landskapsbilete



Over: Utdrag av «virtual globe». Planområdet er markert med raudstipla linje.


Planområdet ligg i ei li med relativt jann halling på under 20°. Den øvre delen av området har noko større halling enn den nedre, med øvste delen på mellom 20-25°. Hallinga tiltek aust for planområdet og dannar tilnærma vertikale veggar, som har stor betyding for det overordna landskapsrommet kring Fyresvatn. Veggen går nokså jamt i nord-sør utstrekning, vest for planområdet ligg eit tydeleg golv i landskapsrommet (Fyresvatn). Planområdet ligg dermed lite eksponert i landskapsrommet, tiltak vil ikkje endre opplevinga av romet.

## 2.3 Lausmassegeologi

Området består av tjukk morene og brelavsetning. Heile planområdet ligg godt over marin grense.

Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt som er næringsfattige bergartar. Desse er heller ikkje blant dei mest radonfarlege bergartane.

Hallinga ligg stort sett på godt under  $20^{\circ}$ , men dei øvre delane av området er noko brattare. Delvis er hallinga opp i  $20\text{--}25^{\circ}$ .



Over: Lausmassekart på

<http://geo.ngu.no/kart/arealisNGU/>

Under: Hallingskart på <http://skredkart.ngi.no/>



### 3 Konsept

Det planleggjast 29 nye bustadtomter nord og aust for dei eksisterande tomtene langs gamlevegen og Lauvraksvegen. I tillegg kjem 1 tomt, som er frådela frå føre av. Tomtene får tett samband til den eksisterande infrastrukturen.

Eksisterande Lauvraksvegen brukast som mellombels tilkomstveg for tomtene 6-12. Denne vegen går gjennom tunet på Lauvraksvegen 5, det vil vere uforsvarleg å føre all trafikk såpass tett forbi huset. Difor krev rekkjefølgjeføresegnene at ny veg skal takast i bruk føre dei øvrige tomtene kan påbyrjast. Det kan dermed vere opp til 6 nye einingar, som vil bruke Lauvraksvegen som tilkomst føre ny veg takast i bruk. Ny veg døypast Moghusvegen og byrjast i kryssset mellom gamlevegen og tilkomsten til fylkesvegen. Den vil byggjast i to etappar:

- Ny sambandsveg mellom gamlevegen og Lauvraksvegen. Her ligg 6 nye tomter. Når denne etappen er bygd, vil Lauvraksvegen bli stengt for gjennomkjøring gjennom tunet på Lauvraksvegen 5. Vegen får snaue 12% stigning på første rettstrekket og har elles ikkje meir enn 7% stigning/fall.
- Ny veg oppover lia mot Langviksvegen. Her ligg 18 nye tomter. Vegen avsluttast i ein vendedråpe, som kan brukast til velteplass for tømmer ved hogst lenger opp i lia. Vegen har 2 avsnitt på 11%, men ligg elles på maksimalt 10%. Det er parti i dei krappaste svingane med låg stigning.

Tomtene har varierande storlek, men ligg gjennomgåande på over 1 daa. Ein vil knyte seg til eksisterande VA nett langs gamlevegen.

Inntil plangrensa i nord og sør leggjast soner med friområde, som skal kunne brukast til stiar. Dette vil gjere det mogleg å lage snarvegar utanom køyrevegsystemet. Friområda vil elles gjeve høve til nærrrekreasjon. Friområda bryt i tillegg opp inngrepssområda langs vegane, slik at den visuelle fjernverknaden vil bli mindre dominert av byggje- og anleggstiltak.

Langs Langviksvegen leggjast eit område til etablering av eit nytt høgdebasseng. Dette anlegget er naudsynt for å oppretthalde vassforsyninga i heile sentrumsområdet og er soleis uavhengig av bustadfeltet i planområdet.

## 4 Prosess

### 4.1 Innspel til planarbeid

Varsel om oppstart av planarbeid blei sendt ut den 19. September 2014, med svarfrist 31. oktober 2014. I etterkant av varselmeldinga har det blitt registrert 8 innspel til planarbeid.

#### 4.1.1 Fylkesmannen i Telemark

Det bør leggjast opp til ein høg utnytting, slik at framtidig arealpress på landbruksområder i og kring Fyresdal sentrum reduserast.

Areal som vert nytta av born og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Nye leike- og oppholdsareal må vurderast. Det bør også leggjast til rette for gang- og sykkelsti som sikrar ein trygg skuleveg.

Det må takast omsyn til alle brukargrupper. Ulike funksjonar sjåast i samanheng slik at ferdsel og tilkomst blir enklast mogleg.

Det stillast krav til risiko- og sårbarheitsanalyse. Dersom planleggjar meiner at eit område som skal byggjast ut openbart er fritt for fare, skal dette nemnast spesifikt.

Naturmangfaldloven skal vurderast etter §§8-12. potensialet for særlege verdiar i området er moderat. Eventuelle delar av området med eldre, lite hogstpåverka skog eller med lauvinnslag bør undersøkast nærmere. Upåverka skogsområde bør undersøkjast særskilt.

I KDP ligg planområdet delvis i teig B4, men er delvis sett av som LNF-område. Skogen er klassifisera til høg bonitet og har verdi som landbruksareal. Likevel er landbruksavdelinga positiv til omdisponering pga. tettleiken inn mot eks. busetnad. ATP Telemark bør brukast i utgreiingar av planens verknader.

Landskapets karakter bør oppretthaldast ved utbygging. Terrenget er bratt og såleis utfordrande å bygge i, og kan gje store terrenghinngrep med både nær- og fjernverknad. Ein bør vurdere byggjehøgder og plassering i forhold til terrenget.

Moglegheita for alternativ energitilførsel bør vurderast, og nye bustader bør få lågenergiprofil.

#### Merknadar:

*Tomtestorleik kring 1 daa. Tomter plasserast tett i tett, arealeffektiv struktur, lite restareal.*

*Friområde mellom bustadtomtene. God tilgjenge gjennom regulerte korridorar. Eksisterande GS-veg mot sentrum, trafikale tilhøve langs gamlevegen er akseptable.*

*Universelt utforma tilkomst leggjast opp til i planen. Elles ingen større krav enn det PBL føreskriv.*

*ROS-analyse gjennomførast.*

*Faregraden går fram av ROS-analyse.*

*Verknad i høve til Naturmangfaldloven vurderast i tekstdelen. Kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande.*

*Vanlege utgreiingstema omtalast i tekstdelen.*

*Tomter leggjast med terrenget. Det leggjast opp til tett utbygging av området. Ein dempar innngrepa gjennom vegetasjonsskjermar.*

*Planen skal ikkje innehalde strengare krav til energieffektivitet enn PBL legger opp til.*

8

#### 4.1.2 Telemark fylkeskommune

Det må utførast ein arkeologisk registrering i området.

Kommunen bør setje krav til tiltaket for å sikre god tilpassing til omgjevnadene, bygde og naturgjevne. Silhuett og fjernverknad er viktige omsyn.

Det minnast om utforming og tilrettelegging av omgjevnader slik at dei kan brukast av alle mennesker så mykje som mogleg utan behov for tilpassing og spesiell utforming.

Møteplassar som til dømes leikeplassar bør takast med i det vidare arbeidet.

Merknadar:

*Arkeologisk registrering er gjennomført. Universelt utforma tilkomstar for alle tomter.*

#### 4.1.3 Statens vegvesen

Mjuk trafikk mot sentrum bør bruke Gamlevegen, køyretrafikk bør bruke fylkesvegen.

Merknadar:

*Dagens trafikkmønster i Gamle-/fylkesveg endrast ikkje.*

#### 4.1.4 NVE

Deler av planområdet er utsett for skred. Ny busetnad må vurderast av fagkyndig i høve til rastryggleik.

Merknadar:

*Fyresdal kommune har gjennomført vurdering av rastryggleik på eiga hand. Kommunen konkluderer med at området er rassikkert.*

#### 4.1.5 Olav Bjørnerud

Lauvrakvegen ligg tvers gjennom tunet på 34/2/4. Festar ynskjer å få lagt tilkomsten til nye bustader

utanom tunet. Innspelsgjevar er elles positiv til det nye bustadfeltet.

Merknadar:

*Nye bustader vil føre til ein femdobling av trafikkmengd. Tilkomst via 34/2/4 er ikkje forsvarleg. Difor er det planlagt ny veg, med krav om avvikling av den gamle vegen etter at maksimalt 6 tomter er bygd ut.*

9

#### **4.1.6 Torfinn Wæthing**

Eigar av 34/1 meiner at grensa mellom sin eigedom og 34/2 er feil på kartet. Rett grense må setjast ut i marka i samsvar med delingsskjøtet. Alternativt ynskjer grunneigaren jordskifte.

Merknadar:

Nye tiltak held avstand frå eigedomsgrensa. Ei evt. naudsynt mindre grensejustering vil dermed ikkje ha konsekvensar for eigedommene eller gjennomføring av planen.

#### **4.1.7 Signe Berit Moghus**

Grunneigar og eigar av 34/43 ynskjer tilkomsten til sin tomt frå Lauvrakvegen.

Merknadar:

*Det leggjast opp til vegtilkomst i samsvar med innspel. Køyring til Lauvrakvegen vil gå gjennom nye Moghusvegen når 6 bustadtomter er bygd ut.*

#### **4.1.8 Magne Aamlid**

Eigar av 34/20 bed om grenseoppgang for å få påvist rett grense.

Merknadar:

*Grenseoppgang gjennomførast og teiggrense målast inn..*

## 5 Vurderingar

### 5.1 Konsekvensar for barn, unge og rørslehemma

Området er i dag ikkje nytta til leik eller opphold av barn og unge, utover privat leik på private tomter. Tiltak i samsvar med planen vil soleis ikkje føre til reduserte tilbod til denne befolkningssgruppa.

Barn og unge som brukarar av bustadområdet vil først og fremst kunne bruke private hageareal til leik og utandørs opphold. Det vil også vere sprette grøntområde rundt i området samt store tilstøytande areal aust for planområdet. Frå planområdet og ned til skule og leikeplass er det ca. 1,5 km. Her er det ballbinge og fotballplass. Badestrand ved Fyresvatn er ca. 1,2 km unna og kan næast stort sett via trafikksikre åtkomstar. Det vil også bli sett av ein snarveg gjennom delar av planområdet slik at det skal vere lettare framkjømda for gåande.

Vegane i planområdet er blindvegar og dermed relativt lite trafikkert. Dei er planlagde med lite fall og delvis med flate parti, slik at veganlegga vil vere trygge og godt brukbare møteplassar for barn og unge.

**Planforslaget vil ha svakt positiv konsekvens for barn og unges oppvekstvilkår.**

### 5.2 Naturmangfald

Naturmangfoldlovens §8 er vurdert ut frå informasjon henta frå Naturbase, Artskart og annan tilgjengeleg kunnskap. Det er ikkje registrert nokon truga eller sårbare artar eller naturtypar innanfor eller i nærleiken av planområdet.

Ut i frå gjeldande registreringar i dei offentlege basane ser det ikkje ut til at det kan påvisast effektar av tiltaket på truga, nær truga eller verdifull natur, jfr. §9. Planlegger legger difor til grunn for at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar etter miljøprinsippa i Naturmangfoldlovens §§ 10 – 12.

**Planforslaget vil ha nøytral konsekvens for naturmangfaldet.**

## 5.3 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

### 5.3.1 Sjekkliste

For å avdekke om det føreligg fare for uønska hendingar har vi nedanfor gjennomgått sjekkliste til bruk for risiko og sårbarheitsundersøking. Vurderinga av risikoforhold analyserer både forholda innanfor planområdet, påverknad frå kringliggjande areal, samt planforslagets verknadar på kringliggjande areal. Klimaendringar/klimatilpassing skal også vere belyst.

Emne	Forhold eller uønska hending	Vurdering	
		Nei	Ja og merknad (tiltak listas i planomtala/ reg. føresegner.)
Naturgevne forhold	Er området utsett for snø- eller steinskred?		<b>Store delar av av planområdet har potensiell fare for snøskred, samt jord- og flaumskred</b>
	Er det fare for utgliding (er området geoteknisk ustabilt)?	X	<b>Byggjegrunnen vurderast som stabil av ingeniørvesenet i kommunen</b>
	Er området utsett for springflo/flom i sjø/vatn?	X	<b>Området ligg min 15 m over Fyresvatn, som er regulert</b>
	Er området utsett for flom i elv/bekk, her under lukka bekk?	X	<b>Det er ca. 230 m avstand frå planområdet og opp til bekken</b>
	Er det radon i grunnen?	X	<b>Ikkje undersøkt, Kfr. TEK 10</b>
	Anna (angje)	X	
Infrastruktur	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggjande <i>transportårer</i> , utgjere ein risiko for området?		
	-hendingar på veg	X	<b>Meir enn 60 m frå samle- eller hovudvegar</b>
	-hendingar på jernbane	X	<b>Ikkje jernbane</b>
	-hendingar på sjø/vatn/elv	X	<b>86 m frå Fyresvatn</b>
	-hendingar i lufta		<b>2,4 km frå rullebana til Fyresdal flyplass</b>

Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggjande verksemder (industriforetak etc.), utgjere ein risiko for området?		
-utslipp av giftige gasser/væsker	x	<b>Meir enn 1 km frå verksemder med gass, kjemikaliar</b>
-utslipp av eksplosjonsfarlege/brennbare gasser/væsker	x	<b>Meir enn 1 km frå verksemder med gass, bensin</b>
Medfører bortfall av tilgang på følgjande tenester <i>spesielle</i> ulempar for området:		
-elektrisitet	x	<b>Berre bustader</b>
-teletenester	x	<b>Berre bustader</b>
-vassforsyning	x	<b>Berre bustader</b>
-renovasjon/spillvann	x	<b>Berre bustader</b>
Dersom det går høgspentlinjer ved/gjennom området:		
-påvirkas området av magnetisk felt frå el.linjer?	x	<b>Høgspent leggjast i bakken.</b>
-er det spesiell klatrefare i forbindelse med master?	x	<b>Høgspent leggjast i bakken</b>
Er det <i>spesielle</i> farer forbundet med bruk av transportnett for gåande, syklande og køyrande innanfor området:		
-til skule/barnehage?		<b>Skuleveg blanda med køyretrafikk</b>
-til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?		<b>Gangveg blanda med køyretrafikk</b>
-til forretning etc.?		<b>Gangveg blanda med køyretrafikk</b>
-til busstopp?		<b>Gangveg blanda med køyretrafikk</b>
Brannberedskap		
-omfattar området spesielt farlege anlegg?	x	<b>Berre bustader</b>
-har området utilstrekkeleg brannvassforsyning (mengde og trykk)?		<b>Brannvassforsyning må etablerast</b>
-har området bare ein mulig åtkomstrute for brannbil?	x	<b>Mogleg alternativ rute via Bakkavegen</b>

Tidlegare bruk	Er det mistanke om forureining i grunnen frå tidlegare verksemd?	x	
	-bensinstasjon/bilverksted/tankanlegg	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-mekanisk verksted/skipsverft	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-galvaniseringsverksted	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-impregnéringsverk	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-avfallshåndtering/deponi	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-gjentatte rivingsarbeider/rehabilitering av bygningar frå 1950 –1980	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-byjord: sentrale og eldre bydelar	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-gruver: opne sjakter, steintipper etc.	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringer etc.	x	<b>Lokalhistorisk kunnskap</b>
	-anna (angje)	x	
Omgjevnader	Er det regulerte vassmagasiner i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	x	<b>NVE atlas, 0,9 km til Fyresvatn</b>
	Finnes det naturlege terrengeformasjonar som utgjer <i>spesiell</i> fare (stup etc.)	x	<b>Lokalkunnskap, hallingskart NGI</b>
	Anna (angje)	x	
Ulovleg verksemd	Sabotasje og terrorhandling		
	- er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	x	<b>Berre bustader</b>
	- finnes det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	<b>Ingen energianlegg, ingen anlegg av symbolsk eller samfunnsnyttig betydning</b>

### 5.3.2 Bakgrunn

I sambinding med reguleringsplan Moghusfeltet er det krav om utarbeiding av Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) i medhald av plan- og bygningsloven §4.3. Hensikta med ROS-analyse er å avdekke om reguleringsplanen kan forårsake endringar som kan medføre ein uakzeptabel risiko for menneske, miljø og materiell og økonomiske verdiar, og som det bør leggjast spesielt vekt på å førebygge.

### 5.3.3 Metode

Grunnlag for analysen er planomtale for reguleringsplan, analyser og innkomne merknader under planprosessen. ROS-analySEN er utført i medhald av DSBs veileder ”Samfunnssikkerhet i arealplanlegging- Kartlegging av risiko og sårbarhet” (revidert utg. jan 2010).

Analysen er basert på kjent kunnskap.

### 5.3.4 Sannsyn og konsekvens

Sannsyn vurderast slik:

Lite sannsynleg	Mindre enn en gang i løpet av 50 år
Mindre sannsynleg	Ein gong i løpet av 10 - 50 år
Sannsynleg	En gong i løpet av 1 - 10 år
Svært sannsynleg	Meir enn ein gong i løpet av 1 år

Konsekvensane vurderast slik:

Ufarleg	Ingen person- eller miljøskadar
Mindre alvorleg	Få/små personskadar, miljøskadar < 1 år
Alvorleg	Alvorlege personskadar, miljøskader > 1 år
Svært alvorleg	Ein eller fleire døde, langvarige miljøskadar

Sannsyn x Konsekvens = Risiko

### 5.3.5 Risikomatrise

Konsekvens:	Ufarleg	Mindre alvorleg	Alvorleg	Svært alvorleg
Sannsyn:				
Svært sannsynleg	risiko som bør vurderast	uakseptabel risiko	uakseptabel risiko	uakseptabel risiko
Sannsynleg	akseptabel risiko	risiko som bør vurderast	uakseptabel risiko	uakseptabel risiko
Mindre sannsynleg	akseptabel risiko	akseptabel risiko	risiko som bør vurderast	uakseptabel risiko
Lite sannsynleg	akseptabel risiko	akseptabel risiko	akseptabel risiko	risiko som bør vurderast

### 5.3.6 Uønska hendingar, konsekvensar og tiltak


#### (1) SNØ-, JORD- OG FLAUMSKRED

Konsekvens: Skred kan føre til tap av liv og helse (+ tap av materielle verdiar).

Risikovurdering: Omtrent heile planområdet ligg i utlaupsområde for snøskred. Ein del av området i nord er utsett for jord- og flaumskred. Fyresdal kommune vurdera rasfaren i området og kan ikkje sjå at området vil vere utsett for skred. Sjå notat som vedlegg til planomtalen.

Tiltak: Ingen tiltak naudsynt.

Grunnlagsdata: NVE atlas



## (2) UTILSIKTA HENDINGAR I LUFTA

Konsekvens: Utilsikta hendingar i lufta kan føre til tap av liv og helse (+ tap av materielle verdiar).

Risikovurdering: Fyresdal flyplass er open for landing av fly. Det er berre mogleg å lande der i dagslys, då det ikkje lenger er rullebanebelysning der. Fly med opptil 10 passasjerar kan lande på flyplassen. Det er svært lite trafikk, noko som gjer sannsynet for ulykker svært liten. Ein kan likevel ikkje utelukke hendingar, der fly ved innflyging eller etter start styrtar i bustadfeltet på grunn av teknisk eller menneskeleg svikt.

Tiltak: Ingen tiltak nødvendig, så lenge aktiviteten på flyplassen er såpass låg.

Grunnlagsdata: <http://www.fyresdalflyplass.no/ENFY-NO/Hjem.html>

16

## (3) BRANN

Konsekvens: Brann kan føre til store materielle skader og helsefare for innbyggjarar. Brann kan medføre dødsfall. Ukontrollerte brannar kan spreie seg over større områder i by og natur og dermed provosere svært alvorlege konsekvensar. Ved brann i planområdet vil viktig veginfrastruktur måtte stenges.

Risikovurdering:

Brannstasjonen i Fyresdal ligg ca. 2,0 km unna planområdet. Dei vil dermed vere på staden veldig raskt ved brann. Det vil vere ein hovudvegtilkomst inn til bustadområdet innanfor planområdet. I tillegg vil ein kunne bruke Landviksvegen, denne held likevel ikkje vanleg vegstandard. Sannsynet for brann i einebustader i Noreg ligg på ca. 10 brannar per 10 000 bustader per år. For planområdet betyr dette ca. 1 brann per 40 år.

Brannvasskapasitet må etablerast i planområdet, som no ikkje er utbygd. Dette fylgjast opp i byggesakshandsaming. Problemet er dermed handtert.

Tiltak: ingen tiltak nødvendig

Grunnlagsdata: Allment kjente fakta, heimesida til Fyresdal kommune

## (4) TRAFIKKTRYGGLEIK

Konsekvens: Kollisjoner / påkjørsler ved veg kan føre til tap av liv og helse (+ tap av materielle verdiar).

Risikovurdering: ÅDT på fylkesvegen gjennom Fyresdal sentrum ligg på 300. Det er ikkje fortau langs med heile vegen fram til skule, barnehage og idrettsanlegg, berre ca. dei siste 200 m. Frå krysset mellom ny Moghusveg og gamlevegen og nordover gamlevegen er det likevel berre køyring til eigedommane, slik at trafikkmengda ikkje har noko særleg sannsyn for ulykker. For å kome til busshaldeplass må ein ned til sentrum. Det går 3 bussavgangar frå Fyresdal sentrum i

døgnet. Ein kan seie at trafikktryggleiken er god nok og at ingen tryggingstiltak krevjast.

Tiltak: Ingen tiltak nødvendig

Grunnlagsdata: ([www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)).

### 5.3.7 Oppsummering

Konsekvens: Sannsyn:	Ufarleg	Mindre alvorleg	Alvorleg	Svært alvorleg
Svært sannsynleg				
Sannsynleg				
Mindre sannsynleg			Brann	
Lite sannsynleg			Trafikktryggleik Snø-, jord- og flaumskred	Utilskikta hendingar i lufta

17

Ut fra en total vurdering av sannsynlighet og konsekvens, synes det samlet sett å være liten sannsynlighet for risiko knyttet til de omtalte faktorer, og dermed liten konsekvens forbundet med tiltaket.

*Det er ikke identifisert hendelser med uakseptabel risiko (rødt).*

Risiko som bør vurderes (gult) er:

- Utilskikta hendingar i lufta
- Brann

Hendelser med akseptabel risiko (grønt) er:

- Trafikktryggleik
- Snø-, jord- og flaumskred

## 6 Planomtale

### 6.1 Bygningar og anlegg

Eksisterande og nye bustader regulerast til *bygningar og anlegg, Bustader – frittliggende småhus* og merkast **Bfs** på plankartet.

Høgdebasseng sør-aust i området regulerast til *bygningar og anlegg, vassforsyningasanlegg* og merkast **Bva** på plankartet.

### 6.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Alle køyrevegar regulerast til *samferdselanlegg og teknisk infrastruktur, køyreveg* og merkes **Skv** på plankartet.

Areal til grøfter, fyllinger og skjeringar regulerast til *samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, annen veggrunn - grøntareal* og merkast **Sav** på plankartet.

### 6.3 Grøntstruktur

Sti vest i området regulerast til *grøntstruktur – Turveg* og merkast **Gt** på plankartet.

Friområder regulerast til *grøntstruktur – Friområder* og merkast **Gf** på plankartet.

Grøntområde mellom bustader og infrastruktur regulerast til *grøntstruktur - Vegetasjonsskjerm* og merkast **Gv** på plankartet.

### 6.4 Omsynssoner

Høgspentkabler regulerast til *omsynssoner – faresone – høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkabler)* og merkast **H370\_** på plankartet.

Frisiktsoner regulerast til *omsynssoner – sikringssone - frisikt* og merkast **H140\_** på plankartet.

Noverande kryss mellom Lauvraksvegen og Gamleveg regulerast til *infrastruktursone – rekkjefølgekrav infrastruktur* og merkast **H430\_** på plankartet. Når ny vegtilkomst er etablert, omgjørast trafikkarealet til avkjøring til Lauvraksvegen 5.

## 7 Føresegner

I medhald av plan- og bygningslova av 27. juni 2008, § 12-3, er det utarbeidd detaljreguleringsplan for Moghusfeltet i Fyresdal kommune, Telemark.

Reguleringsføresegnehene gjeld for området synt med plangrense på plankartet «Detaljreguleringsplan for Moghusfeltet, Plan ID 0831221», Fyresdal kommune, Målestokk 1:1000, datert 19.01.2015. Innanfor reguleringsgrensa skal areala nyttast som vist på planen. Vedteken plan er bindande for arealbruk, frådeling og byggje og anleggsverksemnd innan planområdet.

### 7.1 Generelle føresegner

- a) Eksisterande vegetasjon skal søkjast best mogleg bevart.
- b) Ingen tomt må beplantast med tre eller buskar som verker sjenerende for naboar eller hindrar nødvendig oversikt i vegkryss.
- c) Det er ikkje tillaten ved private servituttar å etablere forhold som strider mot reguleringsføresegnehene.
- d) Viser det seg først mens arbeidet er i gong at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne på ein måte som nemnt i § 3 første ledd, skal melding etter første ledd sendast med det same og arbeidet straks stansast i den utstrekning det kan berøre kulturminnet. Vedkommande myndighet avgjør snarast mogleg – og seinast innan 3 veker frå det tidspunkt melding er komet fram til vedkommande myndighet – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det.
- e) Dersom ein ved tiltak i marka treffer på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jf. § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978.

19

### 7.2 Rekkjefølgjeføresegner

- a) Tomtene Lauvraksvegen 7,8,9,10 og 12 skal byggjast ut før Moghusvegen etablerast.
- b) Mellombels bruksløyve for nye bueiningar skal ikkje gjevast føre tilstrekkeleg kapasitet for brannvatn er etablert.

### 7.3 Bygningar og anlegg

#### 7.3.1 Bustader - frittliggjande småhus - Bfs

- a) Innanfor det regulerte område skal busetnaden plasserast i forhold til veger og tomtegrenser og med møneretning som vist på planen. Ingen bygning skal plasserast nærmare regulert vegkant enn 5 m der kor byggjegrense ikkje er vist på planen.
- b) Busetnadens storleik, inklusiv overdekka terrasse m.m. kan være inntil 30% av tomtas storleik.
- c) Busetnaden skal ha takvinkel på 25 grader. Det tillatast ikkje flate tak.
- d) Gesimshøgda må ikkje overstige 4,0 m for 1-etasjes hus og 6,5 m for 2-etasjes hus, målt frå planlagt oppfylt terreng ved ytre veggliv.

- e) Ved behandling av byggjesakene skal kommunen påse at materialar og farger for grupper av bygningar blir best mogleg samstemt. Føresegna gjeld like mykje den fasademessige utforming som tekkingsmaterialar på tak. Underetasje skal gjevast fasademessig behandling.
- f) Ved søknad om rammeløyve for bustadbusetnaden skal garasje teiknast inn på situasjonsplanen sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig med bustadbusetnaden. Garasjens utforming skal harmonere med busetnaden med omsyn til materialvalg, form og farge. Der kor innkøyring til garasje skjer parallelt med bustadveg eller gangveg, kan garasjen plasserast inntil 1,5 m frå regulert vegkant.
- g) Gjerders utføring, høgde og farge skal godkjennast av bygningsrådet. Gjerdene skal gjevast ein mest mogleg einsarta utforming. Gjerde mellom tomt 8 og 10 og føremål Gv skal utformast på ein måte som hindrar ferdsle mellom tomtene og Gv.
- h) Mot samtlege vegar skal gjerdets høgde ikkje overstige 0,80 m.

### 7.3.2 Vassforsyningasanlegg - Bva

*Ingen føresegner.*

## 7.4 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

### 7.4.1 Køyreveg – Skv

*Ingen føresegner.*

### 7.4.2 Annan veggrunn – grøntareal – Sav

*Ingen føresegner.*

## 7.5 Grøntstruktur

### 7.5.1 Turveg – Gt

- a) Det er høve til å etablere snarveg.
- b) Stien kan dekkast med grus eller bark. Det kan byggjast terrengtrapp.

### 7.5.2 Friområde – Gf

*Ingen føresegner.*

### 7.5.3 Vegetasjonsskjerm - Gv

- a) Føremålet skal ha eit vegetert preg.
- b) Vegetasjon skal skjøttast med omsyn til både inn- og utsyn.

## 7.6 Omsynssoner

### 7.6.1 Faresone - høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkabler) – H370\_

*Ingen føresegner.*

**7.6.2 Sikringssone – frisikt – H140**

- a) Det skal ikke vere sikthindringar på over 0,5 m over tilstøytande vegbane i frisiktområdet.

**7.6.3 Infrastruktursone – rekkjefølgekrav infrastruktur – H430**

- a) Føremålet skal brukast som gjennomkøyringsveg Lauvraksvegen inntil ny køyretilkomst til planområdet er etablert i Moghusvegen.
- b) Når køyretilkomst i Moghusvegen er etablert, skal føremålet stengjast for gjennomkjøring. Føremålet blir då berre avkjøring til Lauvraksvegen 5.

**7.7 Føresegnsområde**

21

**7.7.1 Føresegnsområde**

- a) «Automatisk freda kulturminne i konflikt med tiltak planområdet (kullgroper id179908 og id179909/føresegnsområde #1-2) kan fjernast utan vilkår om arkeologisk utgraving».



Vinje, den 19. Januar 2015

For Plankontoret Hallvard Homme AS

Ida K. Larsen

Ida K. Larsen

Varsel om oppstart av planarbeid:

19.09.2014

1. handsaming i det faste utvalet for plansaker:

Utlagt til offentleg ettersyn i tidsrommet:

2. handsaming i det faste utvalet for plansaker:

Eigengodkjent i kommunestyret den:

---

Stad, Dato

Sign.

Stempel